



Jobb for ein diakon

Haugesund (Diakonos): Etter studier, hovudsakleg ved Diakonhjemmets Høgskole, arbeide han i 15 år på Ullevål Sykehus. Han var med på dei store omveltingane og dei mange opp- og ned-turar ved dette sjukehuset, og gjorde karriere i administrasjon og leiing.

– Da spanderte sjukehuset masterstudium på meg i helseadministrasjon. Eg gjekk da på universitetet. Mange lækjarar tok samme studie. Vi fekk ei god utdanning der eg lærte mykje om samfunnsmedisin. Men så fann eg ut eg måtte bli vestlending igjen, fortell diakon Ola Myklatun (49), opprinnleig frå Eidfjord i Hardanger.

 Av Inge Grøsland

Så bar det attende til Vestlandet og Haugesund etter fleire- og-tjue-år i hovudstaden. Og det er i denne Vestlands-byen Diakonos møter Myklatun. Han er nå fagleg leiar for rusteameint i kommunen.

– Eg arbeidde først med eit prosjekt her i byen, i fem år. Vi skulle utvikle behandlingsnettverket i psykiatrien. Da måtte eg spørre meg sjølv: Kvar er diakonen i dette?

– Kva svar fekk du?

– Av utdanning var eg diakon, men eg hadde altså ein trong til å bli diakon i virke. Eg ville finna ut korleis det skulle vera for meg å virke som diakon kvar dag. Eg hadde ein fantasi om å bli diakon, kva det nå enn var, heilt frå ungdommen. Men eg kom inn i psykiatrien og enda på Ullevål sykehus, mellom som sjef for klinikken for psykiatri. Her fekk han ei lærerik tid der han opplevde profesjonskamp, men også politikarane sine åtak på helsetenestene, og ikkje minst kampen om ressursar for å få gjort ein god jobb. – Lærte mellom anna å ta

utfordringar og stå på, seier han.

– Kva gjorde at du fekk denne trongen, eller fantasien om å bli diakon?

– Sangane har bore fram mykje av evangeliet for meg. Tenk berre på ein sang som «kvardagskristen vil eg vera». Den sangen fortell kva eg ville fram til i livet mitt; dette å kunne vera nær dei menneska som treng omsorg. Og det er dette eg forbind med diakoni.

Seinare fekk eg ei meir mogen vurdering omkring valet av diakoni som min yrkesarena. Ville bli diakon avdi eg møtte folk frå diakonutdanninga medan eg gjorde militärteneste, og etterpå. Eg møtte folk som Bjarne Mjårseth frå Lillebo her i Haugesund, eit godt diakonnamn. Han sa meg at eg skulle verte diakon. Eg brukar å seie at eg kom inn på Diakonhjemmets Høgskole «på andre forsøk». Og eg kom ut att på andre... Det vart studier med arbeid i tillegg. Ein kompis og eg var på praksis i Bærum, men vi vart henta innatt og laut gå om igjen – så eg har ei solid diakonutdanning på i alt fem år, humrar Myklatun.



Som så mange diakonstudentar arbeidde han i heile studietida. – Til dømes var Løvlia ettervernshjem ein framifrå deltids arbeidsplass for oss diakonstudentar, med god mat og høvelege helgevaktar der vi gjekk dag og natt på vakt. Vi arbeidde sjølvsgåt, men vi fekk også vaska klede og fekk god graut kvar laurdag. Asbjørn Finnbakk var der, og mange andre gode diakonkollegar, fortell han. Og det vart på Løvlia han fekk sin første jobb, som alt moglegmann, med andre ord diakon.

Store problem, små ressursar

– Kva kjenneteiknar den diakontenesta du har vore i?

– Er det noko dei fleste diakonar har stor erfaring frå, så er det kamp om ressursar til å gjera ein god jobb. Eg lærte mykje om det på Ullevål, men vi har det slik også her i rusteameet i Haugesund.

Difor er det å vera fagleg leiar for rusteameet ein jobb for ein diakon. Det er ikkje spørsmål om kva eg blei i livet, men kva eg legg i gjerninga mi...

Ein del av vegen fram til jobben han har i dag, var som prosjektleiari ved eit dag- og aktivitetstiltak for byens tunge rus brukarar. Folk gjekk forbi dei som trong hjelp, og vi måtte gjera samaritanens arbeid. Det viste seg at Haugesund og området rundt byen hadde eit særstort rus brukarproblem. Vi trudde vi skulle få vitjing 50 – 100 personar i problemsituasjon. Men det viste seg å vera 600 av dei med tunge problem.

– Kva er det som har gjort at rusmisbruk har utvikla seg så graverande i det norske velferdssamfunnet.

– Dei som mykje har, vil ha meir. Dei som lite har, skal miste det dei har. Få stader finn ein ein slik forbrukarkultur som her i området. Det er alltid nokon som lir. Mange gangar ser ein kor vanskeleg det er med utjamningstiltak, å sette stengsler mot aukande elendighet og fattigdom. Det aukar likevel, til tross for tiltak. Korleis er det vi skikkar oss når slikt skjer? Kva er det med skulane, der enkelte ungar ikkje har råd til å delta i felles. Det må vera noko meir når dei som har mykje, stadig vil ha meir. Eksempel: Her i Haugesund heiter det at

dei skal «normalisere» husleigene for sosialklientar. Det vil seie at dei må søkje enda fleire ytingar enn dei alt har. Velferdsordningane og samfunngodene viser seg sjeldan å verke som det er tenkt for dei som mest treng det. Mellom dei veikaste er det mange rus brukarar. Den aukande rusbrukken er symptom på at samfunnet ikkje er som det skal vera.

Rus brukarane tiggjar og vi er utrygge. Vi likar det ikkje, vi undrast kva dei vil med oss. Det er utvikla ein pariakaste av medmenneske som er avhengige av å nyte smular frå dei rikes bord. Sjølv arbeider eg med rusmisbrukarar, men dei er berre eitt av fleire symptom på at noko er skeivt i samfunnet. Vi må slutte fred med «pariakasten», dei som stell frå oss, og øydelegger liva sine. Dei lever i ufred med seg sjølv, dei lever i ufred med samfunnet og dei som skal hjelpe. Vi må infiltrere gettoane deira og få dei inn i varmen. Vi må godta og tåle folk som vi knapt kan halde ut.

– Kva trur du om diakoniens stilling i eit samfunn med større sosial naud og underskott på omsorg?

– Av og til undrast eg på kor aktiv og vaken kyrkja er på diaconiens område? Treng vi eit vekkjeropt der kyrkja i større grad bygger opp diakonien. Dersom dette ikkje vert gjort, korleis skal kyrkja elles kunne vise barmhjertighet og ta sosialt og omsorgsansvar?

At ein kan ta store belastningar i det daglege arbeid er mellom anna fordi alle i utgangspunktet er like. I arbeidet kviler eg trua, men eg ser også behovet for fagleg kunnskap i arbeidet. Ein må vera bevisst for å kunne klare og gjera noko for dei personane ein skal hjelpe.

Eg møter flest av dei som treng støtte og hjelp. Men mange av utdanningane våre siktar mot eigenomsorg og at folk skal klare seg sjølv. Når dette ikkje går i høve til hardt ramma og hjelpetrengande folk, så må ein klare å halde ut. Ein må gjera øvelsar med seg sjølv. Ikkje alle kan hjelpast heilt ut, men alle kan hjelpast på ymse vis.